
Fra: Solveig Lohne Rongved <Solveig.Lohne.Rongved@hfk.no>
Sendt: 13. februar 2017 14:48
Til: Bente Kopperdal Hervik
Kopi: Monika Cecylia Serafinska
Emne: SV: Felling av tre ved hellar

Hei

Hordaland fylkeskommune er positiv til fjerning av tre i hellaren på Manger (Askeladden-ID 214341-2). Dette vil vera med på å trygga hellaren mot skade forårsaka av rotvelte, og vil gjera kulturminnet meir synleg.

Me er positive til måten de foreslår å gjennomføra arbeidet på, og til at de ser viktigheita av å unngå at hellaren gror til att slik som ofte skjer når større tre vert felt og det slepp meir lys til i eit område. Me minner om at det både no og ved framtidig rydding er viktig å sikra at kvist og anna hogstavfall vert fjerna frå lokaliteten. Det er ikkje tillate å fjerna røter eller stubbar frå kulturminneområdet, eller å på andre måtar gjera inngrep i marka. Me ynskjer lukke til med arbeidet, og ber om å få tilsendt eit foto av kulturminnet etter ferdig utført rydding.

Helsing

Solveig Lohne Rongved

Spesialrådgjevar

Kultur- og idrettsavdelinga | Fylkeskonservatoren



Tlf: 55 378044

www.hordaland.no

Fra: Bente Kopperdal Hervik [<mailto:bente.kopperdal.hervik@radoy.kommune.no>]
Sendt: 13. februar 2017 10:16
Til: Solveig Lohne Rongved <Solveig.Lohne.Rongved@hfk.no>
Kopi: Tore Rikstad <Tore.Rikstad@radoy.kommune.no>
Emne: Felling av tre ved hellar

Hei,

Viser til samtale om felling av tre ved heller på Manger (kulturminne-ID 214341-2).

For å betra utsikten ynskjer kommunen og Manger IL å fella tre som veks inne på helleren og i området i kring. Trea vil verta fjerna med motorsag og frakta «manuelt» vekk frå helleren. Me vil kappaa trea så langt nede på stammen som mogleg, og har intensjonar om å halda nede vegetasjonen i området framover slik at det ikkje veks oppatt med kratt og busker.

Mvh

Bente Kopperdal Hervik

Rådgjevar kultur

Radøy kommune

Tlf. 56 34 90 12

